

 KVINNHERAD KOMMUNE	
04 AUG. 2009	
Arkivsaknr. 05/612	Dok nr.
Arkivkode P	Saksbeh. BWA
Arkivkode S	Kopi



 Kvinnherad kommune	
05 MARS 2018	
Saksnr.: 18/762	U.off.:
Saksbeh.:	Kopi:

Samarbeidsavtale
mellom
Kvinnherad kommune
og

 Kvinnherad kommune	
11 APR. 2018	
Saksnr.: 18/7612	U.off.:
Saksbeh.: BWA	Kopi:

Arbeids- og velferdsetaten i Hordaland

TJ

FKB

Innhald

1. Samarbeidspartar
2. Føremål
3. Styring og leiing av NAV Kvinnherad
 - 3.1 Leiing
 - 3.2 Styring
4. Tilsetjing av andre medarbeidarar i NAV Kvinnherad
5. Medråderett
6. Lokale mål- og resultatkrav
7. Overføring av avgjerdsrett
8. Tenesteområde i NAV Kvinnherad
9. Samhandling med andre kommunale og statlege tenester
10. Brukarmedverknad
11. Universell utforming
12. Kompetanseutvikling
13. Personvern/informasjonsstryggleik og beredskap
14. Informasjon/profil
15. Drift
16. Prinsipp for løysing av tvist ved lokal usemje
17. Revisjon
18. Avtaleperiode

Vedlegg

- Vedtak om delegasjon frå Kvinnherad kommune
- Vedtak om delegasjon frå Fylkesdirektør NAV Hordaland
- Avtale mellom Kvinnherad kommune og NAV Hordaland om drift av felles lokalkontor i Kvinnherad kommune
- Avtale om telefoniløysning for NAV Kvinnherad

1. Samarbeidspartar

Samarbeidsavtalen er inngått mellom Kvinnherad kommune og Arbeids- og velferdsetaten i Hordaland. Samarbeidsavtalen gjeld etablering og drift av felles lokalkontor: NAV Kvinnherad. Partane er samde om at kontoret skal lokaliserast i Husnes.

2. Føremål

Samarbeidsavtalen vert inngått med heimel i Lov om arbeids- og velferdsforvaltning § 14.

I samsvar med måla i Lov om arbeids- og velferdsforvaltning og rammeavtale om arbeids- og velferdsforvaltning mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet og KS, skal partane i fellesskap:

- arbeida for å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad,
- tilby tenester som skal opplevast som enklare og tilpassa brukarane sine behov,
- samt utvikle ein heiskapeleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

Samarbeidsavtalen vert inngått for å regulera dette samarbeidet.

NAV Kvinnherad skal arbeida etter arbeids- og velferdsforvaltninga sin visjon:

“Vi gir mennesker muligheter”.

I samarbeidet er kommunen og staten likeverdige samarbeidspartar som aktivt skal sørgja for å skapa eit godt arbeidsfellesskap. Saman skal samarbeidspartane skapa eit velfungerande arbeids- og velferds kontor som står fram som ei eining for brukarane.

I tillegg skal NAV Kvinnherad leggja følgjande lokale mål til grunn for samarbeidet:

Visjon for NAV Kvinnherad *DU VEL – VI VEILEDER*

Prioriterte målgrupper:

- **Nye arbeidsledige**

Mål:

NAV Kvinnherad skal sikra inntekt snarast ved rask sakhandsaming og informasjon om sosialhjelp.

NAV Kvinnherad skal tilby samtale med en veileder i mottak, snarast og innan ein til to veker for å avklare hjelpebehov og å gje informasjon om ledige jobbar og jobbsøking slik at dei som har ressursar til det kjem raskt ut i arbeid igjen.

- **Unge som har falle ut av skule/arbeid**

Mål:

NAV Kvinnherad skal tilby rask avklaring av ønskjer, ressursar og utfordringar i høve aktivitet og gjera det mogleg å koma ut i tilpassa arbeid/aktivitet så snart som råd.

- **Langtidssjukemelde som har arbeidsgjevar**

Mål:

NAV Kvinnherad skal gjera det mogleg for sjukemelde å koma attende i arbeid/aktivitet så snart som råd.

- **Arbeidsledige som ikkje har kome i arbeid/aktivitet etter 6 månader (uklar grunn)**

Mål:

NAV Kvinnherad skal kartleggje og avklare arbeidsevne og gjera det mogleg å koma ut i arbeid/aktivitet tilpassa personen sine behov og føresetnader.

- **Folk med gjeldsproblem/økonomiske vanskar**

Mål:

NAV Kvinnherad skal gjera det mogleg for privatpersonar med uorden i økonomien og/eller alvorlege gjeldsproblem å få kontroll over økonomien sin.

3. Styring og leiing av NAV Kvinnherad

3.1 Leiing

NAV Kvinnherad skal ha ein felles leiar som har det faglege og administrative ansvaret for både den statlege og den kommunale delen av NAV Kvinnherad. Leiaren skal vera tilsett i Kvinnherad kommune etter kommunen sine retningslinjer. NAV Hordaland tek del i det førebuande arbeid fram til formell tilsetjing. Dersom stillinga vert ledig, kan tilsetjingsforholdet takast opp til vurdering. Leiar for NAV Kvinnherad skal rapportera til begge partane; NAV Hordaland ved fylkesdirektør og Kvinnherad kommune v/rådmann.

3.2 Styring

Det er to styringslinjer for NAV Kvinnherad: Rådmannen i Kvinnherad kommune og fylkesdirektøren for Arbeids- og velferdsetaten i Hordaland.

For å samordna overordna styringssignal for NAV Kvinnherad frå Kvinnherad kommune og frå Arbeids- og velferdsetaten og for å følgja opp felleskontoret, vert det halde møte mellom rådmannen i Kvinnherad kommune og fylkesdirektøren for Arbeids- og velferdsetaten (eller personar oppnemnt av desse) minimum 2 gonger pr. år.

I tillegg skal partane i fellesskap:

- sørgja for at det vert laga felles plan for verksemda til NAV Kvinnherad,
- gje føringar om strategisk vidareutvikling av NAV Kvinnherad.
- gje felles mål- og resultatkrav for NAV Kvinnherad basert på spesielle lokale utfordringar.

4. Tilsetjing av andre medarbeidarar i NAV Kvinnherad

Dei to styringslinjene tar sjølv hand om tilsetjing av medarbeidarar.

5. Medråderett

Ved NAV Kvinnherad skal medråderetten utøvast innafor ramma av lov- og avtaleverk i stat og kommune. NAV Hordaland og Kvinnherad kommune vil leggja til rette for tenlege former for brei samhandling og reell medråderett i kontoret.

6. Lokale mål- og resultatkrav

Leiaren for kontoret er ansvarleg for å utarbeida årleg arbeidsplan for NAV Kvinnherad. Dette skal gjerast i samarbeid med organisasjonane for dei tilsette. Planen skal mellom anna ha med sentrale mål – og resultatkrav for Arbeids- og velferdsetaten og frå Kvinnherad kommune.

I tillegg kan partane verta samde om andre, lokale krav til mål- og resultat som skal syna særlege lokale utfordringar som NAV Kvinnherad har.

Partane skal sørgja for gjensidig utveksling av styringsinformasjon. Leiar for NAV Kvinnherad rapporterer til fylkesdirektør NAV Hordaland og rådmann i Kvinnherad kommune i samsvar med deira opplegg for rapportering.

Desse resultatata skal drøftast på møte mellom partane kvart halvår.

7. Overføring av avgjerdsrett

Samarbeidspartane er samde om å ha felles administrativ og fagleg leiing for den statlege og kommunale delen av kontoret. Kva slags fullmakter leiaren får, går fram av vedtaket til delegasjon frå rådmannen i Kvinnherad og fylkesdirektør i NAV Hordaland. Desse er lagt ved.

8. Tenesteområde i NAV Kvinnherad

NAV Kvinnherad har ansvar for Arbeids- og velferdsetaten sine tenester retta mot innbyggjarane i Kvinnherad kommune.

I tillegg til Kvinnherad kommune sitt ansvar etter kapittel 4 og 5 for økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester, råd og rettleiing og individuell plan, skal følgjande kommunale tenester inngå i NAV Kvinnherad:

	Kommunale tenester som skal over i NAV Kvinnherad	Lovheimel
1	Handsama søknad og fatte vedtak om økonomisk stønad.	LOV-1991-12-13-81 Lov om sosiale tenester m.v. §§ 5-1 og 5-2.
2	Informasjon, råd og rettleiing i høve ulike ordningar, rettar og plikter i samfunnet.	LOV-1991-12-13-81 Lov om sosiale tenester m.v. § 4-1
3	Gjeldsrådgeving.	LOV-1991-12-13-81 Lov om sosiale tenester m.v. § 4-1
4	Økonomistyring for <ul style="list-style-type: none">- personar i eigd bustad.- personar som leiger kommunal bustad utan bustadsosialoppfølging og som ikkje er i kontakt med flyktning- eller rustenesta.	LOV-1991-12-13-81 Lov om sosiale tenester m.v. §4-1
5	Plikt til å skaffe mellombels husvære.	LOV-1991-12-13-81 Lov om sosiale tenester m.v. § 4-5.
6	Råd, rettleiing og hjelp til å skaffe seg varig bustad: <ul style="list-style-type: none">- hjelp til å setja annonse i avisa- hjelp til å fylle ut søknad om kommunal bustad for vanskelegstilte gjennom TRV	LOV-1991-12-13-81 Lov om sosiale tenester m.v. §4-1
7	«Prosjekt styrkeløftet» i avklaringsfase: <ul style="list-style-type: none">- avklare arbeidsevne- KIS-kartlegging og innhenting av informasjon frå andre.- Samarbeid med andre, td. lege- Koordinator i avnsvarsgruppe- Individuell plan- Samtaler og oppfølging- Tett oppfølging	
8	Handsama og fatte vedtak om Kvalifiseringsprogrammet	LOV-1991-12-13-81 Lov om sosiale tenester m.v kap . 5A
9	«Prosjekt Styrkeløftet i kvalifiseringsprogrammet: <ul style="list-style-type: none">- Tett individuell oppfølging- Ansvarsgruppe og IP- Evaluering	LOV-1991-12-13-81 Lov om sosiale tenester m.v kap . 5A

10 Økonomisk hjelp til flyktingar:

LOV-1991-12-13-81 Lov om sosiale tjenester m.v §§ 5-1 og 5-2

- i tida frå ankomst fram til utbetaling i introprogrammet er på plass
- supplerande stønad dersom utbetaling i introprogrammet ikkje strekker til
- økonomisk stønad i inntil 3 år etter at flyktingen er ute av introprogrammet. dvs. fram til TRV ikkje lenger mottok statleg støtte for flyktingen (5 år) (Det vert søkt refusjon for utgiftene frå TRV)

Handsama søknad og yte stønad til reise, lommepengar og klede frå personar som er i fengsel, i

LOV-1991-12-13-81 Lov om sosiale tjenester m.v §§ 5-1 og 5-2

11 behandling sinstitusjon eller på sjukehus

9. Samhandling med andre kommunale og statlege tenester

NAV kontoret må samhandla med fleire kommunale og statlege kontor og tenester enn dei som etter denne avtalen inngår i det lokale kontoret. Samarbeidspartane er samde om at der det er naturleg, vert samhandlinga regulert i eigne avtalar/-rutinar.

Viktige samarbeidspartar er:

- Andre kommunale verksemdar, særleg Tiltak og rådgjevingstenesta for vaksne.
- Andre NAV - kontor, forvaltningseiningar og spesialeininger
- Primær og sekundærhelsetenesta
- Vidaregåande skule/ Høgskular
- Arbeidsmarknadsbedrifter

Denne lista er ikkje uttømmende.

10. Brukarmedverknad

NAV Kvinnherad sine medarbeidarar skal vera aktive pådrivarar i å få fram NAV sine verdjar:

- å vera synlege og lyttande,
- å vera tydelege og ha fokus på løysingar og
- å betra kvaliteten på tenestene.

For å forbetra tenestekvaliteten i NAV Kvinnherad og for å tilpassa tenestene til brukarane sine behov, skal NAV Kvinnherad ha følgjande samhandlingsformer med brukarane:

På individnivå:

NAV Kvinnherad vil sikra den einskilde brukar av tenestene rask og effektiv service og syta for at brukaren vert møtt på ein god og tillitsvekkande måte og verta forstått ut frå sine eigne behov, ressursar og innsikt i eigen situasjon.

På systemnivå:

- Møte med brukargrupper/ organisasjonar
- Samarbeidsforum legar
- Samarbeidsforum arbeidsgjevarar
- Spørjeundersøkingar

11. Universell utforming

Begge parter skal sikre at krava til universell utforming vert teken i vare (jf. Lov om arbeids- og velferdsforvaltning, § 13).

Dersom det seinare skulle verta aktuelt med nye lokalar, skal konkurransegrunnlaget og/ eller kravspesifikasjonen stilla dei naudsynte krava til universell utforming. Når det gjeld disponering av areal, gjeld krava til medråderett i stat og kommune. Brukarmedverknad er og viktig i planlegging og utforming av kontoret for å sikra kvalitet og brukarvenlege bygningar og tenester.

12. Kompetanseutvikling

Leiar for NAV Kvinnherad har ansvar for at det årleg utarbeidast felles kompetanseplan i samarbeid med organisasjonane. Planane regulerer oppgåver og ansvar inkludert det økonomiske ansvaret for utvikling av kompetansen.

Det er semje om at alle tilsette ved kontoret skal ha lik tilgang til kompetanseutvikling.

13. Personvern/informasjonsstryggleik/beredskap

Kontoret skal utarbeida felles dokumentasjon for personvern, tryggleik og beredskap for NAV Kvinnherad i samsvar med "Felles sikkerhetsnormer for Arbeids- og velferdsforvaltningen", og begge partar sine krav til tryggleik skal vera ein del av denne dokumentasjonen.

14. Informasjon/profil

NAV Kvinnherad skal ha eigen plan for kommunikasjon. Denne planen skal utarbeidast i samsvar med både Kvinnherad kommune og Arbeids- og velferdsetaten sine strategiar for kommunikasjon.

15. Drift

Partane inngår eigen avtale for fordeling av utgifter som knyter seg til etablering og drift av NAV Kvinnherad. Sjå vedlegg.

16. Prinsipp for tvisteløysing ved lokal usemje

Partane er samde om å søkja å løysa konflikhtar om inngåing og tolking av denne avtalen gjennom forhandling lokalt. Skulle ikkje dette føra fram, vil tvisten løysast i samsvar med forskrift om nemndbasert tvisteløysning.


17. Revisjon

Partane skal leggja til rette for at Riksrevisjonen, kommunen sin revisor og internrevisjonen i Arbeids- og velferdsetaten kan utføra sine oppgåver i felleskontoret.

18. Avtaleperiode

Avtalen gjeld frå og med 28.08.2009 og fram til 31.12.2011 og skal evaluerast årleg, fyrste gong innan 01.11.2010.


Kvinnherad/Bergen, den 3. august 2009



Rådmann
Kvinnherad kommune



Kvinnherad Kommune
Rådmannen



Fylkesdirektør
NAV Hordaland



NAV Hordaland